



Odd Magne Øgreid og Marianne Daae pakkar saman ved Fjellandsbøvatnet etter ei ny, fin klatrehelg i Uskedalen. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Den nye klatreføraren for Uskedalen (Ulvanåso) som har vore på planstadiet ei stund og som klatrarane har sett fram til, kjem ikkje før i 2008. Det opplyste Odd Magne Øgreid frå Bergen Klatreklubb til uskedalen.no i helga.

Då klatra han i Nåso for tiande gong denne sesongen, saman med tre andre frå Bergen, og var like entusiastisk som alltid. Han kom med denne spontane ytringa:

- Ein av dei gamle klatre-ringrevane i landet, Einar Huseby, seier at dette er ein av dei finaste klatrestadene som finst, saman med Lofoten og Romsdalen. Huseby meiner at viss Nåso hadde lege til dømes ein times køyring frå Oslo, hadde dette vore Norges mest vitja klatrestad. Det er ikkje problematisk å seie seg samd med han.

- Men er det ikkje slik at klatrarane helst vil ha kremstadene for seg sjølve?

- Nei, kvifor skulle vi det? Her er det nok å ta av, Nåso har eit stort potensiale, svarar Øgreid.

Også klatreklubben han er med i har eit stort potensiale, med sine 500 medlemmer. Men færre og færre klatrarar her i landet, nå truleg mindre enn 10 prosent, driv det til noko meir enn å klatre innadørs eller opp 15 meter høge klipper med faststående boltar. Det er ikke særleg krevjande samanlikna med det ein vegg i Nåso lokkar med.....

No er det 20 år sidan Ulvanåso, med sine fire opptil 600 meter høge 'klatreveggar', vart oppdaga for ålvor av klatrarane. I den gamle klatreføraren, som kom ut for vel 10 år sidan, heiter det at det er ganske utruleg at fjellet fekk ligga urøyrd såpass lenge. Klatrarar frå Bergen drog i mange år til Bjørndalstind og Folgefonna utan å veta om Nåso.

Øgreid fortel at dei no er omtrent halvvegs i arbeidet med den nye klatreføraren. I den gamle utgåva var omkring 40 klatreruter omtala, men mange av rutene var mangelfullt beskreve og mange inneheldt feilinformasjon. Det var sjølvstakt frustrerende for dei som freista å finna fram til rutene eller klatre dei. Det har og vore klatra ein del nye rutar sidan føraren vart utgjeve.

Øgreid har ansvaret for å koordinera innsamlinga av ny informasjon om klatrerutene. Han har i denne samanhengen hatt litt av eit detektivarbeid for å finna fram til rutene og finna vegen opp. Av dei 40 har ein no fått på papiret oppdaterte ruteopplysningar for halvparten og treng ein sommar til for å bli ferdig med den jobben. For å gjera det lettare å finna fram til starten av rutene har Øgreid også samla inn ein del GPS-koordinatar for startpunktta og dei vil han ha med i den neste utgåva.

Diverse ligg dei etter planen med fotograferinga. Ein engasjert fotograf har ikke funne tid til jobben så langt og ein må finna fram til ei annan løysing slik at fotografa kan vera klare neste sommar. I tillegg til fotografa treng dei og teikningar (topoar) av klatrerutene og har fått ein flink teiknar til å ta seg av dette når dei kjem så langt med arbeidet.

Hva er det så som er så fantastisk med Nåso sett frå synsstanden til ein klatrar? Øgreid svarar:

- Her er det fast granitt. Det er ikkje så mange stader ein finn det, faktisk berre i Lofoten og nokre andre stader i Nord-Noreg. Her er det difor liten risiko, til dømes for steinsprang. Eg har ikkje høyrte om at det nokon gong har vore dramatiske hendingar i Ulvanåso.

Av Ola Matti Mathisen



Kva for ei rute skal vi velja i dag? Odd Magne Øgreid foran den veggjen i Ulvenåso som han liker best, den heiter Øktertindveggen. (Foto: Ola Matti Mathisen)